

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---


<b>Dato</b>	04.07.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/67217-2
<b>Dykkar referanse</b>	22/4855 - 22/52858
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

## Kulturminnefagleg fråsegn - nydyrking - gnr. 217, bnr. 1 - Romarheim - Alver kommune

Me viser til brev datert 28.06.2022 med vedlegg. Søknaden gjeld plan om nydyrking på Romarheim gnr. 217, bnr. 1 aust for Romarheimselva i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

I fylgje våre arkiv er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne, som t.d. SEFRAK registrerte bygningar, tufter o.l. som planen vil komma i konflikt med. Me vil likevel gjera dykk merksam på at det ligg ei SEFRAK registrert løe ved omsøkte areal, vi ber om at det tas omsyn til denne ved gjennomføring av tiltaket.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.



Figur 1. SEFRAK bygg vist med raud trekant

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**

leiar

KII - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**

seniorrådgjevar

KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*